

MELDING

om

FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

i

ROGALAND

1970

Navnet på vatnet Kringletjørna  
Kommune ..... Gjesdal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## K R I N G L E L I T J Ø R N A.

### Fiskeanalysen vart foreteken den 30. juli 1970

Vatnet ligg i Gjesdal kommune, ca 2.5 km vest for Kyllingstad ved E 18 og ca. 200 m sør-vest for det nedlagte gardsbruket "Kringlelia".

Største lengde er snaut 500 m og største bredde ca. 200 m med eit areal på omlag 7.5 ha. H.o.h. er 219 m.

Det er jamt over eit grunt vatn og har neppe nokon stad djupne over ca. 10.0 m utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet. Gjørmebotn dominerar over det heile, med spredt sand og grus sume stader.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nøkkeroser, flotgras, siv, botngras og brasmegras utgjer vegetasjonen i vatnet frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om noko dyrka mark, kulturbeiter, kulturskog, snaumark og myr. Grunnfjellet ligg fleire stader oppe i dagen.

Her veks spredt bjørkeskog med røslong, romø, pors m.v. som undervegetasjon.

Hovudtilsiget fell inn i sør-vest og i dette inngår fleire vatn der Gjirivatnet og Øydestjerna er dei største.

Avlaupet renn ut i nord-aust og går om Errevatnet ut i Kyllingstadvatnet.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.2 som reknast å vera bra for aure.

Gjennomstrøyminga kan til sine tider vera ganske stor.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat.

På 2.0 m vart det funne 1 vårfluelarve, 2 fjærmygglarver og 1 fåbørstemark - i alt 40 individ pr m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 1 vannkalvlarve og 1 vårfluelarve - tilsaman 20 individ pr. m<sup>2</sup>.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 2 fiskar og her fann ein linsekreps, planktoniske kreps, vårfluelarver, vaksen vannkalv, fjærmygglarver og pupper, muslingar og odonata.


#### Planktonprøver.


Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk med planktonhov og ein kom til fylgjande resultat: Ca 50 m hor.trekk var ein noko fattig prøve av fleire arter vasslopper og hoppekreps. 5.0 m vert.trekk var ein relativt fattig prøve av dei same artene.

#### Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 27 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå ut som vist nedanfor.





Fordeler vi fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske framsyninga.

4 stk. av fiskane vi fekk var nærast oppetne av ål, så det vart teke prøver av 23 fiskar. Av desse var 2 stk lys-røde, resten kvite i kjøttet.

Der var 19 hannfiskar og 4 hofiskar, ei noko skeiv kjønnsfordeling utan at ein treng leggja stor vekt på dette.

2 stk. av fiskane var angripne av parasittar.

Medel fyllingsgrad 1,1 - 7 fiskar var tome i magesekken.

Ser vi på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


Alder ved vinter

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.8	8.9	12.8	15.8	18.2	19.4
Årleg lengdetilvekst i cm	4.8	4.1	3.9	3.0	1.4	1.2
Antall fiskar	23	23	23	20	12	3

Medel kondisjonsfaktor = 0.93 tilseier langstrakt, mager fisk.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Kringlelitjerna og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, har fisken i Kringlelitjerna ein dårleg lengdetilvekst og ligg like frå første år av under normalkurven. Etter kvart som åra går, blir veksten dårlegare og fisken går mot ei maksimal lengd på ca 22 cm.



### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Kringletjerna kan bli eit relativt bra fiskevatn, men der er i dag mykje overbefolka.

Botnprøvene våre var særst magre og ser vi på omfarfordelinga og cm-klasseinndelinga syner desse at småfisken dominerar vatnet fullt ut. Vekstkurven er mykje dårleg og kondisjonsfaktoren tilseier mager fisk.

Det som nå er om å gjera, er å føre fiskebestandet ned på eit nivå som tilsvarar vatnet sin produksjonsemne. Er der ikkje samsvar mellom næringsforrådet i vatnet og fiskebestandet gir dette seg utslag i eit småvakse fiskebestand.

Då der ligg fleire småvatn i dette vassdraget ovanfor Kringletjerna er der grunn til å tru at ein del yngel og småfisk frå desse vatna også hamner i Kringletjerna. Det er ofte slik, at om der er fleire vatn i eit vassdrag er det dei vatna som ligg nederst i vassdraget som lettast blir overbefolka.

På litt lengere sikt er det god vone om å få fram eit betre ut brukbart fiskebestand i Kringletjerna, men det krevs interesse rett reiskap og noko tid av dei som steller med vatnet.

Etter nokre år kan vi så ta ein ny analyse for å sjå verknaden av tiltaka.